

Årsmøte 31. mars 2009

Vennelaget for Lensmannsgarden

Arbeidsprogram for 2009

Vennelaget har tilbode Hå kommune å ta på seg oppgåva med å utføra rehabiliteringsarbeidet på løa slik dette er gitt i Vennelaget sitt forslag til vidareutvikling av Lensmannsgarden (inkludert byggjeleing). Vennelaget vil gjera arbeidet innafør eit budsjett på 2,87 mill kr eks mva. Vennelaget vil, innafør dette budsjettet, gjera praktiske justeringar i val av løysingar ved gjennomføringa av rehabiliteringsarbeidet. Delar av arbeidet vil verta gjort på dugnad.

Arbeidsprogram:

1. Utføra det innvendige rehabiliteringsarbeidet i løa
2. Utarbeida plan for innreiing og utsmykking
3. Samla informasjon, historie og bilete frå Lensmannsgarden.
4. Utarbeida langsiktig og kortsiktig arbeidsprogram
5. Verve medlemmer til Vennelaget

Styret vil utføra arbeidet ved bruk av ulike komitear for dei ulike oppgåvene, m.a. komité for byggjeleing, komité for organisering av dugnadsarbeid og komité for innreiing og utsmykking, komite for innsamling av historisk materiale og komite for medlemsverving.